



Vang kommune

Tveitabru Bygg As
Tyinvegen 3831
2973 Ryfoss

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AAEEMI-2022004610 -4

Arkiv:

GBNR-104/66, K2-L42

Vår dato:

22.07.2026

Saksnr.	Utval
143/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til tiltak - Garasje

Tiltak: Garasje
Byggjestad: Gbnr: 104/66 Føssesvingen 42
Tiltakshavar: Knut Kjøs
Føssesvingen 42
2973 Ryfoss
Ansvarleg søkjar: Tveitabru Bygg As
Tyinvegen 3831
2973 Ryfoss

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til oppføring av ny garasje på gnr. 104 bnr. 66. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

Du må oppfylle desse vilkåra for at vedtaket skal gjelde:

- Tiltaket skal plasserast i tråd med godkjent situasjonsplan, med journaldato 15.07.2025, jf. pbl. § 29-4. Koordinatar på etablert grunnmur, KOF-fil, skal sendast kommunen seinast ved søknad om midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

Saksopplysningar

Vang kommune fekk søknad om løyve til oppføring av garasje på eigedomen med gnr. 104 bnr. 66 den 29.06.2026. Eigedomen er regulert til bolig i reguleringsplanen R-19 Ryfoss.

Søknaden har vedlagt situasjonskart og teikningar, og er vurdert som komplett den 21.07.2026. Tiltaket er nabovarsla i tråd med pbl. § 21-3, og det foreligg ingen merknadar til saka.

Vurdering

Omsøkte tiltak blir vurdert til å vere i samsvar med føremål og føresegner i reguleringsplan R-19 Ryfoss. Alle ansvarsområde ser ut til å vere dekkja av erklæringar om ansvarsrett. Kommunen har ingen merknadar til desse, jf. pbl. §§ 20-3, 23-1 og 23-3. Erklærte ansvar i tiltaket kjem fram av gjennomføringsplanen datert 21.07.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert med journaldato 30.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen, i tilfelle tilsyn eller kontroll.
- Vi legg til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl. § 23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl. § 23-2.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 10 920, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.